



KOMMUNEREFORMA

Aukande interesse

Liv, Niri, Ane og Vilde Sofie på Bø ungdomsskule skal alle stemme over kommunesamanslåing. Fleire heller mot ja, men ungdomane ynskjer meir informasjon før dei går til stemmeurnene.

Gro Birgitte Røiland

gro@boblad.no

Alle som fyller 16 år i 2016 kan delta på valet om kommunesamanslåing. Det gjeld både i Bø og i Nome. Saka opptar mange unge og interessa har auka på. Det bekreftar dei fire tiandeklassingane. Dei trur stemninga blant ungdom er meir positiv enn blant eldre bøheringar.

– Mange bøheringar er mot kommunesamanslåing fordi dei tenkjer at Bø er bygda vår og slik skal det vera. Men me vil da fortsatt vera Bø, sjølv om det blir ein annan kommune. Og me vil sjølvsagt fortsatt vera bøheringar, seier Vilde Sofie Einan.

Nyansert informasjon

Informasjon er viktig både for å auke interessa og for å gjera seg opp ei mening, seier ungdomane. Nyleg var ordførar Olav Kas-

land ein dag på ungdomsskulen for å informere elevane i tiande klasse. Det var bra, men ikkje nok, meiner ungdomane, som ynskjer seg informasjon både frå ja-sida og nei-sida.

– Kasland var flink, men for min del blei det litt unyansert, seier Niri Frideson Lyngdal.

– Det hjalp at ordføraren var her og informerte, det han sa gav eit bra bilete, seier Liv Aarebakk.

– Valet hadde kanskje vore lettare viss me hadde fått vite meir om fordelar og ulemper for oss unge, seier Vilde.

– Kasland synest det er viktig at dei unge i Bø stemmer, men da er det også viktig å gje informasjon frå begge sider, seier Niri.

– Det burde vore eit debattmøte for unge både frå Bø, Nome og Sauherad. Det hadde vore veldig nyttig for veldig mange, seier Ane Hemmestad Sunde og sender utfordringa til topps i kommunen.

Ordførar Olav Kasland lovar å sjå på saka.

– Det hadde vore kjempemessig. Eg skal sjå om me kan få til noko med alle tre kommunane, men kan ikkje love noko, seier Kasland.

Kommuneøkonomi

Dei fire ungdomane er opptatt av at kommunesamanslåing kan gje betre økonomi. Dei merkar den dårlege kommuneøkonomien i Bø.

– Det påverkar kvardagen vår, til dømes i forhold til vikarar og turar, seier Ane.

Bra tilbod innan helse, kultur og idrett er viktig for dei. Men ungdomane bryr seg også om at ein ny kommune må fungere saman som eitt.

– Det verkar som samanslåing er positivt, men eg er ikkje hundre prosent sikker. Viss politikarane klarar å bli einige og fordele pengane rett, kan det bli bra. Viss ikkje, kan det gå veldig skeis, seier Liv.

Tenestetilbodet i Bø meiner dei er bra. Det dei ynskjer seg som manglar i dag, er ein møteplass, gjerne felles for ungdom frå Bø, Sauherad og Nome.

Vilde Sofie trur det er fleire fordelar enn ulemper med ei samanslåing. Ho meiner samanslåing vil gje fleire moglegheiter både for unge og eldre.

– Mange ser kanskje ulemper ved at noko blir flytta frå Bø til Sauherad og Nome, men eg synest ikkje det er eit problem. Det er ikkje langt, samanlikna med

mange andre kommunar i Norge, seier Vilde Sofie.

– Måtte eg stemme nå, ville eg stemt ja. Men eg vil sette meg meir inn i saken, fordi dette vil påverke meg så lenge eg bur i Bø, seier Ane.

Niri har vore mot samanslåing, men nå er han usikker. Han vil også setje seg meir inn i saken før han bestemmer seg.

Traktorland

Kva meiner så ungdomane at ein ny storkommune skal heite?

– Det blir litt småtrist at det ikkje skal heite Bø kommune, men eg skjønner at det er viktig med eit namn som ikkje er knytt til ein av dei tre kommunane, seier Ane som har tru på Midt-Telemark kommune.

– Det må vera noko som kan stå for det dei tre kommunane er saman og eit namn alle synest er greit, seier Niri.

– Midt-Telemark passar best, det er det me er, seier Vilde Sofie.

– Eg er einig med Vilde og Ane, sjølv om eg gjerne skulle hatt noko litt meir spenstig. Kva med Traktorland, seier Liv og ler.



To heller mot nei, to mot ja



Informasjonstyrste. Martin Mæland (f.v.), Andreas Sersland, Martin Johnsrud og Fanny Standeren ynskjer å vite meir om fordelar og ulemper ved ei kommunesamanslåing. Alle vil stemme 10. april, men ikkje alle er sikre på kva dei skal stemme. Foto: Gro Birgitte Røiland

Martin Mæland og Andreas Sersland heller mot eit nei til kommunesamanslåing, mens Fanny Standeren og Martin Johnsrud går mot eit ja. Sikre er ungdomane uansett ikkje.

Gro Birgitte Røiland

gro@boblad.no

Sist fredag møtte Bø blad fire elevar frå vidaregåande trinn 2 til prat om kommunesamanslåing i Midt-Telemark. Martin Mæland (17), Andreas Sersland (17) og Martin Johnsrud (18) frå Bø og Fanny Standeren (17) frå Lunde har alle tenkt å stemme, men er enno usikre på valet.

Nærmare 60 prosent av elevane ved Bø vidaregåande skule kjem frå Bø, Sauherad eller Nome. Informasjon om kommunesamanslåing har det hittil vore lita av på skulen.

Ja og nei

– Eg er usikker, men heller litt meir mot nei. Eg synest Bø er ein bra kommune frå før og veit ikkje om det er så stor fordel å slå Bø saman med Nome og Sauherad. Regjeringa har lyst til å slå kommunane saman for å spare pengar, men ein sparar ikkje mykje og det kan gå ut over arbeidsplassar. Me kan også misse støtta Bø nå har fått som vekstkommune, seier Martin Mæland.

– Eg er meir for kommunesamanslåing. Nome har negativ vekst, og ved å slå saman kommunane står me sterkare. Eg trur me får utnytta pengane og ressursane betre ved å slå oss saman til ein kommune, seier Fanny. Som lundehering drar ho ofte til Bø også på fritida. Ho trur mange lundeheringar like gjerne vil reise til Bø som til Ulefoss for til dømes helsetenester.

– Eg heller mot å seie nei, men har ikkje satt meg så godt inn i saka. Bø er ikkje den kommunen som tener mest på samanslåing, seier Andreas.

– Eg heller mest mot ja. Eg trur ein vil få mykje pengar til å igangsette ein ny kommune, og at det ein misser som vekstkom-